

Strategi for Vestlandsforskning 2021-2025

Visjon

Banebrytande kunnskap for eit berekraftig samfunn

Forskningsområde

- Klima og miljø
 - Utsleppsreduksjon (mitigation)
 - Klimatilpassing (adaptation)
 - Planlegging og berekraftig utvikling
 - Industriell økologi
 - Naturressursforvaltning
- Reiseliv
 - Opplevingsturisme, digitalisering, naturmangfald og berekraft
- Teknologi og samfunn
 - Stordata og nye teknologiar
 - Kjønn, mangfald og teknologi
 - Regional utvikling og digitalisering

Hovudmål

Vestlandsforskning skal vere eit sjølvstendig, regionalt forskingsinstitutt med base i Sogndal og forankra i Vestland.

I samarbeid med regionale, nasjonale og internasjonale fagmiljø skal instituttet levere banebrytande forskning av høg kvalitet som svarar på samfunnsutfordringar og bidreg til berekraftig utvikling.

Delmål

1. Samfunnsrelevant forskning og formidling

- Forske på regionale, nasjonale og globale samfunnsutfordringar og utvikle løysingar i samarbeid med offentleg forvaltning, næringsliv og sivilsamfunn
- Gjere forskinga synleg for ålmenta, oppdragsgjevarar og forskingsmiljø gjennom populærvitenskapleg forskingsformidling, vitenskapleg publisering og aktiv deltaking i samfunnsdebatten
- Styrke omdømme og nettverk gjennom å dele kunnskap og idéar

2. Sterkt og konkurransedyktig fagmiljø

- Utføre forskning med høg vitenskapelig kvalitet
- Bygge og vedlikehalde sterke, tverrfaglege forskingsmiljø
- Delta i faglege og administrative samarbeid både regionalt, nasjonalt og internasjonalt

3. Attraktivt og mangfaldig arbeidsmiljø

- Vere den mest attraktive og inkluderande arbeidsplassen for forskarar i regionen, der alle medarbeidarar kjenner seg verdsette og opplever meistring og utvikling
- Arbeide systematisk for å sikre likeverd, mangfald og god kjønnsbalanse
- Tilby gode, fleksible og konkurransedyktige arbeidsvilkår

Utdjuping og målsetjingar

1. Forskingsinstitutt med høg relevans, sterk fagleg profil og sentersatsing

Vestlandsforskning skal vere eit sjølvstendig, regionalt forskingsinstitutt og arbeide strategisk for å kvalifisere til grunnløyving frå Forskingsrådet og oppnå ein god resultatprofil med tanke på finansiering. Vestlandsforskning skal arbeide målretta med å spisse forskingsområda.

Vi skal vere relevante for næringsliv og offentlege verksemder regionalt, nasjonalt og internasjonalt gjennom tett dialog med aktørane og sterke prosjektsamarbeid. Vi skal særleg prioritere større forskingsprosjekt som blir til i samarbeid med næringsliv, offentlig sektor og sivilsamfunn og som gjev rom for kompetanseheving og publisering. I tillegg skal vi arbeide strategisk for å ivareta og styrke sentersamarbeidet Noradapt og vurdere nye sentersatsingar.

Det er eit mål at instituttet i 2025 hentar om lag 30 % av finansieringa frå oppdragsforskning og 70 % frå bidragsforskning.

2. Vitskapleg publisering

Vestlandsforskning skal auke publiseringsraten (talet på publikasjonspoeng per fagtilsett) for å styrke konkurranseevna. Dette oppnår vi ved å legge betre til rette for at alle fagtilsette kan arbeide med publikasjonar til ei kvar tid. Viktige verkemiddel er å opprette kvalifiseringsstipend, tilby frikjøp frå prosjektarbeid, arrangere eigne samlingar med publisering som føremål og styrke kulturen for publisering i samband med prosjekt. Dei mest erfarne må ta eit særskilt ansvar for å invitere yngre eller mindre erfarne kollegaer til å samarbeide om vitskaplege artiklar.

Det er eit mål at Vestlandsforskning har gjennomsnittleg publiseringspoeng for dei fagtilsette på 1,2 i 2025.

3. Internasjonalisering

Vestlandsforskning ønskjer fleire internasjonale prosjektoppdrag. Søknadsarbeidet bør ha tematisk breidde, men vi satsar særleg på forskingsprogramma Horisont Europa, EØS og Interreg. For å stimulere til fleire internasjonale prosjekt, set vi av interne ressursar som kan lette arbeidet med slike prosjektsøknader og med gjennomføring av tildelte prosjekt. Instituttet skal jobbe strategisk for meir internasjonalt samarbeid og aktivt søkje ekstern finansiering av administrative tenester som EU-rådgjevar m.m.

Det er eit mål at 15 % av omsetjinga til Vestlandsforskning kjem frå internasjonale oppdrag i 2025.

4. Kvalitet, berekraft, formidling og etikk

Vestlandsforskning skal arbeide etter ein høg forskningsetisk standard, blant anna gjennom utvikling av gode system for prosjektgjennomføring, datalagring og personvern. Prosjektsøknadar skal vere av høg kvalitet og vi skal gjennomføre tildelte prosjekt på ein framifrå måte ved å levere på tid, kvalitet og kostnad. Dette sikrar vi ved å profesjonalisere søknadsarbeidet og prosjektgjennomføringa ytterlegare i form av å vidareutvikle, eller etablere nye, interne rutinar og sørge for jamleg opplæring og kursing av dei tilsette.

Vestlandsforskning skal auke kompetansen i administrasjonen og støttetjenester for å kunne styrke satsinga på fleire regionale, nasjonale og internasjonale forskingsprosjekt. Vidare skal vi arbeide målretta med berekraft både i organisasjonen og i forskingsprosjekta gjennom å vere tydelege på kva forskinga og drifta vår bidrar til når det gjeld FNs berekraftsmål. Resultat frå forskinga skal vi formidle til relevante målgrupper – t.d. brukarar, samarbeidspartnarar, avgjerdstakarar og samfunnet elles. Vestlandsforskning skal utarbeide ein kommunikasjonsstrategi der det tydeleg går fram korleis vi skal formidle forskinga vår.

5. Regional rolle og strategisk samarbeid

Vestlandsforskning skal ha ei særskilt rolle når det gjeld regional relevans og samarbeid. Spesielt viktig er det å ha tett dialog og samarbeid med folkevalde og administrasjon i Vestland fylkeskommune, i tillegg til Høgskulen på Vestlandet, næringsliv og offentleg sektor i regionen. I tillegg skal Vestlandsforskning prioritere strategiske samarbeid nasjonalt og internasjonalt med spesiell vekt på tett dialog med Forskningsinstituttene fellesarena (FFA) og dei regionale FOKUS-institutta.

6. Arbeidsmiljø og attraktivitet

Vestlandsforskning skal ha attraktive og miljøvenlege arbeidslokale, og dei tilsette skal ha stor fleksibilitet i arbeidskvardagen. Vestlandsforskning skal jobbe aktivt for å sikre mangfald og likestilling, m.a. gjennom å utarbeide ein likestillingsplan som jamleg blir følgt opp. Dei tilsette skal ha gode karrieremoglegheiter med tydelege mål om kompetanseutvikling.

7. Struktur og sunn drift

Vestlandsforskning skal ha ei organisk vekst med utgangspunkt i prosjekttilgang og kompetansebehov for både fagtilsette og administrasjon. Det bør ikkje vere meir enn 7-8 fagtilsette per administrativt tilsette for å sikre gode og lite sårbare administrative tenester. Leiargruppa skal ha god kjønnsbalanse, og det skal vere ein tydeleg modell for økonomisk resultat, særleg når det gjeld disponering av årleg overskot. For å sikre låg risiko i drift og høg forskingskvalitet, skal Vestlandsforskning også ha tydelege roller og rutinar for internkontroll.